

# Hyse



Foto: Thomas de Lange/Wageningen

## NORDSJØEN/SKAGERRAK/VEST AV SKOTTLAND

**Hyse** – *Melanogrammus aeglefinus* – Haddock  
**Familie:** Gadidae (torskefamilien)  
**Andre namn:** Kolje  
**Maks storleik:** 60 cm og 4 kg  
**Levetid:** 15 år  
**Leveområde:** Nordsjøen/Skagerrak  
**Gyteområde:** Sentrale Nordsjøen  
**Gytetidspunkt:** Januar–juli  
**Føde:** Botndyr, sildeegg og fisk

**Nøkkeltal:**  
 KVOTERÅD 2016: 74 854 tonn (61 930 til konsum)  
 TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2016:  
 47 688 / 14 245 tonn (Nordsjøen)  
 3761 / 165 tonn (Skagerrak)  
 TOTALFANGST / NORSK FANGST 2014:  
 46 298 / 2801 tonn  
 NORSK FANGSTVERDI 2014: Ca. 37 mill. kroner (Nordsjøen), 1 mill. kroner (Skagerrak)

### Status og råd

Ifølgje ICES er bestanden, som frå 2014 inkluderer Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland, i god forfatning og vert hausta berekraftig. Gytebestanden er over føre-var-nivået. Fiskedøyringsraten har sidan 2001 vore langt under føre-var-nivået, og har det siste året også vore under målet for høgt langtidsubytte. Rekrutteringa har sporadisk vore sterk og har gjeve dominerande årsklassar i fiskeria, men bortsett frå 2005- og 2009-årsklassane som var middels gode, har rekrutteringa dei siste åra vore under langtidsgjennomsnittet.

På grunn av ICES si avgjerd om å kombinere Skagerrak, Nordsjøen og vest av Skottland i eitt område, er ikkje EU–Noreg sin langsiktige forvaltingsstrategi lenger gjeldande. Kvoterådet frå ICES er basert på ei MSY-tilnærming (høgt langtidsubytte) og tilsvarar landingar på ikkje meir enn 61 930 tonn i 2016. Dersom nivået på utkast og bifangst i industrifisket ikkje endrar seg frå dei fire siste åra, impliserer dette ein total fangst på 74 854 tonn.

I forvaltninga er hyse i Nordsjøen halden åtskilt frå hyse i Skagerrak og vest av Skottland. 9,5 % av kvoten kan takast vest av Skottland og 90,5 % i Nordsjøen. EU disponerer 77 % og Noreg 23 % av totalkvoten i Nordsjøen. Noreg har disponert litt over 4 % av kvoten som vert avsett til Skagerrak.

### Fiskeri

Hyse blir hovudsakleg fanga med botntrål og i mindre grad også med snurrevad. Hyse er målart for delar av flåten, men blir også fanga i blandingsfiskeri saman med mellom anna torsk, kviting og kreps.



### Fakta om bestanden:


Hysa finst på begge sider av Atlanterhavet og er stort sett oppdelt i dei same bestandane som torsk, bortsett frå at det ikkje finst nokon hysbestand i Austersjøen.

Nordsjøhysa gyt i perioden januar–juni i dei sentrale eller nordlege delane av Nordsjøen. Oppvekstområda er i Moray Firth i Skottland, i kystnære område kring Orknøyane og Shetland og langs eggakanten på ca. 200 meters djup frå Shetland til Skagerrak. Hysa produserer med ujamne mellomrom særst sterke årsklasser som kan dominere fangst og bestand gjennom fleire år.

I motsetning til torsk veks hyse i Nordsjøen mykje seinare enn i Barentshavet. Til trass for dette vert nordsjøhysa tidlegare kjønnsmoden, stort sett når ho er to til tre år gamal.

Hysa er hovudsakleg botndyr som børstemark, muslingar og slangestjerner, men tobis og sildeegg står også på menyen.

Dei siste 50 åra har utbreiinga av nordsjøhysa endra seg. Tidlegare fanst det ganske mykje hysesør i Nordsjøen, men no lever det meste nord for ei linje mellom Newcastle og Hanstholm.



**Bestand og fangst (inkludert utkast og bifangst i industritrål) av hyse i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.**  
*Stock size and catch (including discards) of haddock in the North Sea, Skagerrak and west of Scotland.*